

 Olje- og energidepartementet
Her finn du @oeddep sine
pressemeldinger i samband med
revidert nasjonalbudsjett. I år blir
revidert nasjonalbudsjett lagt
fram på same dag som
Nynorskdagen, og difor er alle
pressemeldingane våre om det
reviderte budsjettet på nynorsk.
God lesnad!



fridom
kjem alle til gode
IKKE TA HAN FOR GITT.

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 3
juli 2022

Nynorskdagen blir tradisjon

Mange markerte 12. mai ved å
skrive nynorsk. – Noter dagen i
kalenderen din, for neste år går vi

for endå meir nynorsk, seier mål-
lagsleiar Peder Lofnes Hauge.

SIDE 15

Nynorsk og Bygde- pride, hand i hand



Nynorsk kultursentrum markerer Skeivt kulturår gjennom heile 2022. – Det er naturleg for oss å vere ein del av dette, seier arenaleiar ved Aasen-tunet, Olav Øyehaug Opsvik.

Side 4–7

Foto: Joachim Kroken Åsebø



Foto: Paul S. Amundsen

«Å vinne prisen var gilt, men det skapar òg fall-høgde. Det står att å sjå kor høgt fallet blir»

Les kva Tarjei Vesaas' debutantpris har hatt å seie for Lars Svisdal og åtte andre forfattarar.

SIDE 12–13

tvitoling
SUBSTANTIV honkjenn VIS BØYING +
TYDING OG BRUK tvitola individ, hermafroditt
[KOPIER LENKE](#) [SITER](#)

Kva kan språkhistoria lære oss om kjønn og seksualitet?

Ganske mykje, ifølgje Runar Jordåen.

SIDE 8–9

Nytt nynorsk- prosjekt i Arna

– Vi arbeider spesifikt
med dei eldste borna for
å gjera det lettare for dei
å velja nynorsk i over-
gangen til skulen, fortel
rektor Synnøve Hjertaker.

SIDE 15



Ulike saman

NT Å vekse opp på bygda kan vere trygt. Det kan vere roleg og stille, fritt og sutlaust. Eg gjekk sjølv på ein liten bygdeskule med sju andre i klassa. Mellom skulen og heimen min var det mest berre skog. Men då tida kom for å byte til ungdomsskule i sentrum, ti minutt unna, vart det eit slags kultursjokk. For der var det mange som meinte at det ikkje var plass til oss frå utkanten. Vi passa ikkje inn, høyrde ikkje til.

NT Det er mange måtar å kjenne seg utanfor på, somme meir alvorlege enn andre. Som minoritet på små stadar, blir ein ekstra synleg.

NT Under årets bygdepride i Ørsta/Volda samtala forfattarane Kristin Fridtun, Bjørn Hatterud og Geir Egil Eiksund om kva litteratur som var viktig for dei i oppveksten. Kva bøker tydde ekstra mykje, og var det noko dei sakna? Fridtun skreiv sjølv dei historiene ho skulle ynske ho hadde tilgang på. Hatterud hugsa kjensla av å låne bøker med ein annleis tematikk på eit lite bygdebibliotek, der ein ikkje kom unna møtet med dama bak skranken.

NT Ei av eldsjelene bak bygdepride i Ørsta/Volda, Rune Sæbønes, meiner noko av det viktigaste er å vise at regionen han kjem frå – Søre Sunnmøre – ikkje er så mørk som mange skulle tru. Bygdepride, som pride i byane, handlar om kampen for rettane til skeive. Men det handlar også om å vise at det er mange skeive som bur på – ja, nettopp – bygda.

NT – For oss er det viktig kva vi oppnår her vi bur. Å få vise at aksepten er reell, seier han til Norsk Tidend.

NT For fem år sidan fanst ikkje «bygdepride». I dag er det ein årleg tradisjon fleire stadar i landet. Og er det noko som gjer meg stolt av eiga heimbygd, er det lokalt engasjement som viser at bygda kan romme alle. Uansett korleis ein kjenner seg annleis.

NT Dette er det siste nummeret av Norsk Tidend eg er redaktør for. Eg vil nytte høvet til å takke for meg, og til å ynske alle ein herleg sommar.

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Anita Grønningsæter Digernes

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Einkvan må ha loge
om nynorsken, for utan at han
hadde gjort noko gale, vart han ein
morgen arrestert – skulda for ikkje å
fungere til **å omsetje Kafka**.

Nynorsk berre

PROSESSEN AV FRANZ Kafka er det siste tilskotet i den glitrande og prislønte klasiskarserien til forlaget Skald. Boka er omsett av sjølvaste Jon Fosse og har fått mange gode kritikkar. Bokmeldaren i Morgenbladet, Frode Johansen Riopelle, spelte opp til ein skikkeleg språkdebatt då han valde å stille spørsmålet: Kan no eigentleg nynorsk fungere til slikt? «Kan vi arrestere forlaget for å utgi Kafka på feil målform?», spurte han.

HAN KONKLUDERTE STRENGT med at det gjekk greitt, men det etterlatne inntrykket var at fjøsspråket nynorsk ikkje søker seg til verdslitteratur av ypparste klasse. Riopelle vil kanskje meine at dette er ei urimeleg lesing av teksten hans, i så fall var vi mange som misforstod han. Det var verkeleg ikkje lett å forstå kva han eigentleg meinte. Om ein les bokmeldinga så velviljig som ein berre kan, så kan ein forstå både kva han meinte og kva han forsøkte å få fram, men det drukna heilt i den underliggjande og uriktige premissen om at boka burde vore omsett til bokmål eller riksmål. Kanskje er det heller vi som bør arrestere Morgenbladet for å ha skrive bokmeldinga på feil målform – sidan bokmeldinga blei så misforstått.

AV ALLE SPRÅK i verda Prosessen har blitt omsett til, så er det ikkje akkurat slik at det

NT LEARTEIGEN



PEDER LOFNES HAUGE
Leiar i Noregs Mållag

berre er riksmalet som har ei eineståande evne til å fange den Kafkaske stemninga, med sine «byråkratiske irrganger og støvete vinkelskrivere».

MELDAREN SINE SUBJEKTIVE oppfatningar av kva nynorsken er eller bør vere, delegatimerer bruken av språket på eit område. Det er problematisk og ei form for språkleg diskriminering som ikkje høyrer heime nokon stad. Det er ein slags Morgenbladet-tradisjon. Dette er altså avisas som på leiarplass i 1967 aksepterte at NRK måtte bruke nynorsk, men syntest det blei «komisk» når den tyske forbundskanslaren var teksta på nynorsk på Dagsrevyen. Ein reportasje frå ei «fjellbygd i Tyrol» meinte dei heller kunne passe til slikt.

DET ER NOKO litt 1860-tals over innvendinga til bokmeldaren. Uavhengig av kva han konkluderer med, så er det noko anti-

Nynorskdagen spesial

Her finn du @oeddep sine pressemeldingar i samband med revidert nasjonalbudsjett. I år blir revidert nasjonalbudsjett lagt fram på same dag som nynorskdagen, og difor er alle pressemeldingane våre om det reviderte budsjettet på nynorsk. God lesnad!

**Olje- og energidepartementet
på Twitter, 12. mai**

Fridom kjem ikkje alle til gode. Ikkje ta han for gitt. #nynorskdagen

**FRI – Foreningen for kjønns- og
seksualitetsmangfold
på Facebook, 12. mai**

Vi skriv på nynorsk på #nynorskdagen! Til lukke med dagen, alle saman!

**Miljødirektoratet
på Twitter, 12. mai**

Illustrasjon: Kjartan Helleve



Nynorsk er ikkje berre ein bunad, nynorsk er ei dongeribukse. Eit kvardagsspråk som kan brukast og blir brukt til absolutt alt.

til pynt?

kvarisk over i det heile å stille spørsmål ved om nynorsk kan brukast til kva som helst.

I EI TID der VG, Aftenposten og stadig fleire verksemder brukar nynorsk, der haldningane til språket vårt blir betre og den politiske motstanden mindre, i alle fall mildare, ja, då kjem ein som lever av tekstkritikk og byr oss på eit språksyn som Ivar Aasen sjølv slo hol på i nettopp Morgenbladet alt i 1858.

NYNORSK, BOKMÅL, BRETONSK, galisisk, swahili. Alle språk kan brukast til kva det måtte vere. Det tilhøyrer eit gammalt språkpolitisk regime å tenkje at nynorsken har sin plass i reservat, medan bokmål er det nøytrale og allmenngyldige norske språket.

«**NYNORSK ER FOR** de fleste av oss et språk for kvasse skjær og dype daler, et skriftspråk som samler allmuens frodige talemåter i en småknauset og myrlendt poesi», skriv Riopelle i bokmeldinga si. Det er berre Morgenbladsk for «nynorsk er fint i dikt».

NYNORSK ER IKKJE berre ein bunad, nynorsk er ei dongeribukse. Eit kvardagsspråk som kan brukast og blir brukt til absolutt alt. Nynorsk er ikkje berre poesi og antibyråkrati. Nynorsk er eit fullverdig språk som kan brukast til absolutt alt – anten det er dikt frå Hardanger eller «byråkratiske irrganger».

Då **Bygdepride** vart skipa i 2018, var Aasentunet først ut til å samarbeide med den nye organisasjonen. – Naturleg for oss å vere ein del av, seier arenaleiar Olav Øyehaug Opsvik.

Regnbogebygda



– **ÅRETS BYGDEPRIDE-PRIS** går til ein føregangsinstitusjon. Dei melde seg på eige initiativ, og har teke ei aktiv rolle, seier Anbjørn Steinholm Frislid, styremedlem i Bygdepride.

Det er stille i salen i Aasentunet. Ein kan så vidt høre lyden av regndropar på taket.

– Dei opna dørene og tok imot oss med kjærlek og varme. Det er med stor glede og takksemd at vi gir prisen til Nynorsk kultursentrums Aasentunet, seier Frislid til applaus frå salen.

Fekk tilskot

21. april i år var det 50 år sidan paragraf 213 i straffelova vart oppheva. Den såkalla «homoparagrafen» kriminaliserte seksuell omgang mellom menn i Noreg frå 1902 til 1972.

Opphevinga av paragrafen blir i år markert over heile landet, mellom anna under paraplyen Skeivt kulturår. Det er Skeivt Arkiv, Nasjonalmuseet og Nasjonalbiblioteket som har teke initiativ til desse markeringane.

Kulturdepartementet har delt ut 5 millionar kroner til arrangement gjennom året. Ein av dei som har fått tilskot er Nynorsk kultursentrums, musea for skriftkultur, som vart tildelt 250 000 kroner for å

Skeivt kulturår

I 2022 er det 50 år sidan sex mellom menn vart avkriminalisert i Noreg. Paragraf 213 i straffelova vart oppheva 21. april 1972.

For å markere dette har Skeivt arkiv, Nasjonalmuseet og Nasjonalbiblioteket gått saman om ei feiring for å dokumentere, formidle og diskutere skeiv kunst, kultur og historie over heile landet.

Kulturdepartementet har delt ut fem millionar kroner til arrangement gjennom året.



**Skeivt kulturår
2022**

arrangere Skeiv litteraturfest 2022.

– Det er fint å få eit tilskot som aukar volumet av det vi kan gjøre, men det er naturleg for oss å gjøre dette uansett, seier arenaleiar ved Aasentunet, Olav Øyehaug Opsvik.

Anneleis på bygda

Han og dei andre ved Aasentunet set stor pris på å få tildelt Bygdeprisen. Han understrekar at mangfold er noko Nynorsk kultursentrums er opptekne av heile tida.

– Det ligg jo litt i kjerneoppdraget med nynorsken og språkmangfaldet, at vi alle kan vere ulike saman, seier han.

Han er oppteken av den rolla dei kan spele i eit arrangement som Bygdepride.

– Ein pridefestival på bygda er jo litt annleis enn ein pridefestival i storbyen. Vi kan bidra med vår nisje, med fokus på litteratur og kanskje noko som er litt fagleg tyngre. Eg trur Bygdepride tykkjer det er fint at vi tek den rolla, seier Opsvik.

«No er det nok»

Trass i grått vær denne veka i mai, er det eit fargerikt Ørsta og Volda som møter alle som kjem dit. Regnbogeflagga vajar i nordavinden ved fjorden og ved Volda rådhus. Også Høgskulen i Volda er med på feiringa, og inne på Berte Kanutte-huset har Bygdepride-gjengen stand gjennom mykje av veka.

Der finn vi styreleiar i Bygdepride, Rune Sæbønes. Det var han og ein til som sorgde for at Bygdepride vart til.



I 2018 (OVER): Paraden under Bygdepride i 2018 vart større enn nokon hadde trudd på førehand. Fleire tusen gjekk gjennom gatene i Volda.

Foto: Kjell Arne Steinsvik

ELDSJEL (TIL VENSTRE): Rune Sæbønes var med å starte Bygdepride i 2018. I dag er han styreleiar i organisasjonen.

Foto: Anita Grønningseter
Digernes

FLAGGET KLART (LENGST TIL VENSTRE): Tone Slenes og Olav Øyehaug Opsvik ved Aasentunet var klare for å henge opp regnbogeflagget på tunet i mai.

Foto: Anita Grønningseter
Digernes

Homofili smittar ikkje, men bygde- pride gjer det.

Rune Sæbønes,
styreleiar i Bygdepride Ørsta/Volda

Paragraf 213 i straffelova (frå 1902–1972):

NR Finder der ututig Omgjængelse Sted mellom Personer af Mandkjørn, straffes de, der heri gjør sig skyldige eller som medvirker dertil, med Fængsel indtil 1 Aar. Med samme Straf ansees den, som har ututig Omgjængelse med Dyr. Paatale finder alene Sted, naar det paakræves af almene Hensyn.

– Eg hugsar at vi snakka litt om det på sommaren i 2017. Om hausten same året var det nokre reaksjonære, kristne miljø som skulle ha eit seminar der tema var homofili. Dei konkluderte med at homofili ikkje var så gale, så lenge folk levde i sølbat. Då tenkte vi: No er det nok.

Sæbønes humrar oppgitt. Dei oppretta ei Facebook-hending og inviterte til skipingsmøte for det som då heitte Ørsta/Volda pride. Det kom mykje folk, og dei bestemte seg for å lage ein organisasjon.

– Det vart ei ekstrem merksemd rundt oss. Det var nesten slik at vi slapp å marknadsføre arrangementa våre, fortel han.

Bygdepride smittar

I 2018 gjekk Bygdepride av stabelen for første gong. Kino, skeiv lyrikk, konsertar, festar og parade stod på programmet over fire dagar. Festivalen vart avslutta med konsert i Volda kyrkje.

Paraden samla tusenvis i den vesle bygda, i strålande solskin. Dåverande statsrådar Trine Skei Grande og Jon Georg Dale var med. 50 lag og organisasjonar hadde meldt seg på, inkludert idrettslag, politiske parti, helsestasjonar og elevråd.

– Vi skapte noko som var større

enn oss sjølv, sa dåverande styreleiar Anbjørn Steinholm Frislid til NRK.

Engasjementet rundt paraden motiverte Sæbønes og resten av gjen- gen til å halde fram. Bygdepride vart eit omgrep og har sidan spreidd seg til fleire bygder rundt om i landet.

– Vi seier at homofili smittar ikkje, men bygdepride gjer det, seier Sæbønes og smiler.

119 vart dømt

Årets Bygdepride i Ørsta og Volda varer ei heil veke. Endeleg får dei samle folk att etter pandemien. Det startar ved kaia i Sæbø ein laurdagskveld, med konsert med lokal kjendis Egil Olsen. Deretter er det kunstutstilling, førelesingar, pride-spinning, ungdomskveld, konsertar og regnbogemesse i Ørsta kyrje. For å nemne noko.

Onsdag kveld er det duka for Skeiv kulturveld på Aasentunet. Det er nokre få sjeler som har trassa regnveret og teke turen for å høyre på forfattar Hanne Marie Johansen. Ho har skrive boka «Skeive linjer i norsk historie».

Johansen fortel mellom anna at Gulatingslova, som vart innført på 1100-talet, faktisk var det første europeiske lovverket som nemnde relasjoner mellom menn.

Frå 1902–1972 vart 119 menn dømt etter «homoparagrafen» i Noreg. Det vart oppfatta som ein «sovande» paragraf, men det hadde tydeleg konsekvensar for somme. For andre hang den over dei som ei mørk sky.

Noreg var det siste landet i Norden som oppheva forbodet mot sekssuell omgang mellom menn.

Skreiv historiene sjølv

Tre forfattarar – Bjørn Hatterud, Kristin Fridtun og Geir Egil Eiksund – inntek deretter stolane på scena. Dei har fått i oppdrag å snakke om litteratur som var viktig for dei i barne- og ungdomsåra.

Det er ikkje nødvendigvis ei lett oppgåve. For det var ikkje berre



UTSTILLING: «Biroller» er ei utstilling som vart produsert i 2019 og som vil stå i Aasentunet gjennom sommaren. Utstillinga fokuserer på å løfte fram dei som har biroller i mange bøker, som til dømes homofile, bifile eller transpersonar.

Foto: Aasentunet

enkelt å gå til det lokale biblioteket på bygda og låne bøker med «annleis» tematikk.

– Det som var viktig for meg, var at eg skreiv mange historier sjølv. Heller enn å oppsøke litteratur, så skreiv eg sjølv det eg skulle ynskje eg kunne lese, fortel Kristin Fridtun

til Norsk Tidend nokre dagar før arrangementet.

Ho brukte å lese avisar. Om det var eit intervju med Anne Holt i VG, kunne ho kaste seg over det. Fridtun trur det er lett å tenke at seksuell orientering ikkje har noko å seie, at det er irrelevant informasjon.



FEKK PRIS: Aasentunet vart tildelt Bygdepride-prisen 2022. Frå venstre: Anbjørn Steinholm Frislid, Olav Øyehaug Opsvik, Per Magnus F. Sandmark, Ida Karin Aarflot Kornberg, Tone Slenes, Ingrid Vee Hagestuen, Benedikte Flataker og Fredrik Hope.

Foto: Anita Grønningsæter Digernes

– Men då står ein i fare for at skeive folk blir frårøva historiske førebilete, meiner ho.

Sjølv hadde ho ein norsklærar på vidaregåande som ofte fletta tilleggsinformasjon inn i undervisninga. Om dei snakka om ein forfattar, så kunne læraren tilforlata leg nemne at denne personen var homofil eller lesbisk.

– Det likte eg veldig godt, fortel Fridtun, og trekker fram Gunvor Hofmo som eit døme.

– Ho levde då homoseksualitet var veldig tabubelagt. Om vi i dag held fram med å dysse ned, blir det

også feil. Om det finst historiske personar som var skeive, så vil eg veldig gjerne vite det.

Fridtun trur litteraturen kan skape eit fellesskap for unge leserar.

– Bøker kan bidra til å vise at skeive finst, at det går an å vere skeiv. Som leser kan ein sitje heilt åleine, men likevel kjenne seg som del av noko større.

Sjølv om ikkje alle les bøker, trur ho litteraturen kan bidra til normalisering.

– Vi treng også bøker der nokon er skeive utan at det er eit tema i seg sjølv, meiner ho.

Frykta er at Skeivt kulturår blir eit kort blaff.

– Eg håper at arrangørar er opptekne av å lage slike arrangement også i åra som kjem. At dei kan integrere det skeive perspektivet i andre samanhengar, seier Fridtun og legg til:

– For meg er jo kvart år eit skeivt kulturår.

Mangfold heile vegen

Nynorsk kultursentrums, som driv Aasentunet i Ørsta, Vinjesenteret i Vinje og Haugesenteret i Ulvik har planlagt fleire arrangement i samband med Skeivt kulturår 2022 ved alle desse tre arenaene. Det blir mellom anna lesesirklar, nye forfattartekstar på nett og podkastar gjennom året.

– Og så har vi ein produksjon som er del av Den kulturelle skulesekken, som heiter «Hjarte i alle fargar». Skular i nærområdet her har fått tilbod om den, og den skal også til Oslo, fortel Opsvik.

– Denne vil vi også ta med oss til område der nynorsken er under press. Etter sommaren skal vi mellom anna til Gudbrandsdalen, Hemsedal og Sandnes, legg Tone Slenes til.

Om det finst historiske personar som var skeive, så vil eg veldig gjerne vite det.

Kristin Fridtun, forfattar

Det er naturleg for oss å vere med på Bygdepride.

**Olav Øyehaug Opsvik,
arenaleiari ved Aasentunet**

Ho er avdelingsleiar for Nynorsk skriftkultur.

– Produksjonen handlar om mangfold, språket vi brukar og skeiv litteratur. Vi har våre eigne arenaer for samtale og debatt, og samarbeider tett med bibliotek i heile landet. Fokuset på mangfold har vi med oss heile tida, både i programarbeidet og i sjølv profilen vår.

Vil famne breitt

Då Bygdepride vart arrangert for første gong i 2018, arrangerte lokal pastor Hans Reite ein mot-demonstrasjon. Om lag 30 personar møtte opp. Sidan har det ikkje kome mange reaksjonar lokalt, ifølgje Bygdepride-leiar Rune Sæbønes.

– Det er dei same, og dei er få. Det er ikkje kjekt å høre eller lese det, men vi lever greitt med det. For gjennom Bygdepride har bygdene vist at dei vil vere inkluderande.

Bygda skal vere for alle. Det har vore eitt av formåla med å arrangere Bygdepride.

– Det er klart det handlar om våre interesser og vår kamp, og å synleggjere at vi faktisk er ein del skeive som bur i Ørsta og Volda. Men like viktig har det vore å famne breitt. Å vise for omverda at Søre Sunnmøre ikkje er så mørkt som mange skulle tru. Langt derifrå.

Også årets Bygdepride vart avslutta med parade gjennom Volda. Sæbønes og resten av styret gjekk fremst med eit stort regnbogeflagg mellom seg. 2000 menneske deltok.

Det viktigaste for Sæbønes er å vise at aksepten av skeive på bygd er reell. Der er fleire kampar å ta, det er han tydeleg på. Men det er viktig for han og resten av styret å sjå at Bygdepride har spreidd seg til ei titals fleire plassar i landet.

– Ei kvar bygd med respekt for seg sjølv har bygdepride, altså, seier han med glimt iauge.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Tvitoling og båing: overskridning i norsk

Språkhistoria kan fortelja oss ein heil del om
førestillingar om kjønn og seksualitet.

AV: RUNAR JORDÅEN,
historikar og førstebibliotekar ved Skeivt arkiv

SPORA ETTER SKEIV historie i Noreg er spreidde og vanskelege å finna før midten av 1900-talet. Prestar, juristar og forfattarar har ofte føretrekt å ikkje utbrodera dei konkrete overskridingane av kjønns- og seksualitetsnormene av frykt for at sjølve talen om det tabuiserte kunne verka skadeleg. Likevel: Spora ligg der, godt gøynd i rettsprotokollar og anna arkivmateriale. Rettssaker der menn har blitt dømd for sex mellom menn er ein viktig kjelde-type, og dei kan ofte gi oss eit fascinerande innblikk i levde liv, identitetar og fortidige tankemåtar.

«Tvetulling»

Då eg for nokre år sidan såg nærmare på ei slik sak, dukka det opp eit ord eg tidlegare berre så vidt kjende til. Saka gjaldt ein 65 år gammal bakar som blei dømt for seksuelle forhold til menn på 1890-talet i Porsgrunn. I saka blei det også referert til ein episode nokre år tidlegare:

En gang blev han i Skien beskyldt for at være Tvetulling, hvilket var skrevet op paa en Paplap, der var Ophængt [...] og som Følge heraf blev han af flere Mandfolk antastet.

Denne passasjen er interessant av fleire grunnar: omgrepet «tvetulling» verkar å vera eit kjend omgrep både for dommaren og befolkninga i Skien på slutten av 1800-talet. Når nokon hang opp ein lapp om at vedkommande var «tvetulling», resulterte det openberty i at han blei oppsøkt av ei rekke menn. Av dette kan me kan henda gå ut frå at folk i Porsgrunn oppfatta det slik at ein «tvetulling» var ein person som var tilgjengelig for tilnærmingar frå menn.

Men kva for eit ord er dette? Må passasjen tolkast slik at det er syno-



Foto: Universitetet i Bergen

nymt med «homoseksuell mann»? Omgrepet «homoseksualitet» var på dette tidspunktet nett introdusert i det norske språket, men det var neppe særleg kjend utanfor små kretsar, og så vidt me veit hadde det berre stått på trykk i lærebøker i psykiatri og legetidsskrift. Skal me tru denne kjelda, var tvetulling derimot eit så kjend omgrep at det kunne hengast opp lappar om det på gata i ein norsk småby og bli tolka på ein bestemt måte.

Rettssaka frå Porsgrunn gir ikke noko særleg meir å bygga på når det gjeld tydinga og bruken av ordet. Men ho inspirerte meg til å undersøke vidare korleis dette omgrepet har vore brukt.

I litteratur og folkespråk

Går me til skriftspråket, finn me at ordet slett ikkje berre har vore eit lokalt skjellsord. *Ordbog over det danske sprog* er eit omfattande historisk ordboksverk over dansk- og felles dansk-norsk -skriftspråk. Her finn me **oppslagsordet tvetulle** og avleiingar av det (tvetulling, tvetullet). Av dette framgår det

at ordet har vore brukt på svensk (tvatola), norsk (tvitol, tvitoling), islandsk (tvítóli, tvítólingur) nedertysk (tweetuler) og nordfrisisk (twitule).

Opphavet til ordet er tvi (to, dobbel) og norrønt tól, (reiskap, jf engelsk tool). Tydinga er i følgje ordboka «tvekønnet individ; hermafrodit; undertiden nedsæt., om kvindagtig mand». I tillegg har ordet vore brukt biletleg – om noko som verken er det eine eller det andre.

Brukt om menneske

Omgrepet har altså hatt utbreiing i Norden og Nord-Tyskland. Fulltekstsøk på Nasjonalbiblioteket viser også at det førekjem i norsk skjønnlitteratur, mellom anna i tekstar av Knut Hamsun, Kristoffer Uppdal og Jens Bjørneboe.

Norsk Ordbok er eit omfattande verk over nynorsk og norsk taalemål. Ifølgje dette er «tvitulling» eller «tvitoling» ofte nytta om «tvikjønna» eller «kjønnslause» dyr, særleg geiter og høns som ikkje verpar. I tillegg finst det førekomstar der det er brukt om menneske. I grunnlagsmaterialet for ordboka finn ein det også brukt om menneske som eit skjellsord. I eit tilfelle er det forklart som «halvt mann og halvt kvinne».

Dialektord

Ein finn også omgrep i mange lokale dialektordbøker. Dette gjeld til dømes Kvam i Hardanger der det blir forklart som «fysisk unormalt utvikla person». På Voss blei også forma «tvituling» nytta og i ei ordliste over vossamålet blir det forklart som «tvekjønna individ, hermafrodit».

Også i nyare tid har omgrepet vore nytta, ei kvinne som var fødd i 1927 og vaks opp på landsbygda i Hordaland kunne til dømes fortelja

at ho frå ungdommen hugsa fleire menn som oppførte seg «damete», særleg når dei hadde drukke. Desse blei kalla for tvitullingar.

Hørve, kværkle og båing

Jakta på utbreiinga og bruken av omgrepet tvitulling sette meg også på sporet av andre ord og uttrykk. Nynorsk etymologisk ordbok inneholder fleire ord med omtrent same tyding: Det gjeld hørve, som blir forklart som «tvekjønnethet». Dessutan gjeld det «kværkle», eit ord som er i slekt med korkje (altså verken), og har tydinga «stakkars vantrevent væsen, tvetulle». Til slutt gjeld det «baading» eller «båing».

Eit nærmare blikk på det siste viser at det hadde relativt stor utbreiing i Midt-Noreg. Me finn ordet i *Norsk Ordbok* forklart som «person som er både kjønn; tvitoling, hermafrodit». I setelarkivet til ordboka ligg det dokumentasjon på ordet frå heile Trøndelag med ulik uttale (boing, båing, båeng m.a.). Ein finn det òg i Os i Østerdalalen.

«Lesbisk kjærighet»

Det finst også eit mylder av andre ord som har vore nytta om kjønns- og seksualitetsoverskridinger. Medan omgrep som homoseksualitet, biseksualitet, fetisjisme, transvestisme og transseksualitet blei brakt inn i det norske språket gjennom medisinske tidsskrift og lærebøker på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, hadde ein tidlegare hatt omgrep som sodomi og pederasti som blei brukt av juristar og teologar. Dei hadde også ei viss folkeleg utbreiing.

Ordet homoseksualitet fekk i løpet av 1900-talet større utbreiing, kortformer som homo og homse blei etter kvart også tatt i bruk. Ei slangordbok frå 1950-talet oppgir følgjande ord for homoseksuell mann: sodagutt, bakstreber, soper,

kjønns- språkhistorie



mannemann, dill-dallmann og pipefeier.

«Jomfruer»

Omgrepet «lesbisk» og «lesbisk kjærlighet» blei også brukt i medisinsk faglitteratur frå slutten av 1800-talet, men var mindre brukt enn homoseksualitet (sjølv om ein finn nokre treff på det i avisene frå 1920-talet og framover). Homoseksualitet blei lenge først og fremst assosiert med menn.

Kulturvitaren Tone Hellesund har i si forsking vist at borgarskapskvinner som levde einsleg eller saman med andre kvinner i liten grad blei tolka i lys av det nye omgrepet homoseksualitet før langt ut på 1900-talet. Dei kunne rettnok bli oppfatta som lite kvinnelege, men desse «peppermøene» blei stort sett oppfatta som respektable kvinner og ikkje kopla til det nye seksualitetsvokabularet.

Omgrepet «homofile» lansert

I 1951 gav den norske seksjonen av Forbundet av 1948 ut sin første brosjyre. Her blei oppgåva til organisasjonen definert som å «forsvare

de menneskelige rettigheter for den minoritet i samfunnet som utgjøres av mennesker med homo- og biseksuell innstilling til kjærlighetslivet». I tillegg blei omgrepet «homofile», som allereie var i bruk i Danmark og internasjonalt i homorørsla, lansert på norsk. Sjølv om omgrepet «lesbisk» ikkje var heilt ukjend på denne tida, ser det ut for at det var først i samband med den lesbiske feminismen på 1970-talet at omgrepet blei hyppigare brukt.

Minoritetar og vidare forsking

Omgrepa som har vore brukte, fortel oss ein heil del om skiftande syn på kjønn og seksualitet gjennom tidene, og nærmare studiar av den skeive språkhistoria kan gi oss ei utdypa forståing av dette. Orda fortel om makt, fordommar og endra syn på den menneskelege seksualiteten. Ikkje minst fortel dei oss at det har eksistert eit medvit om at visse personar kunne høyra heime i andre kategoriar enn dei normative kjønns- og seksualitetsformene.

Det er få kjelder som kan fortelja noko skeiv historie i Noreg før

midten av 1900-talet, og dette gjeld i endå større grad nasjonale minoritetar og urfolk. I den samanhengen er det interessant at det ifølgje ei ordbok frå 1945 på rotipa (norsk romani) finst eit ord for «sodomitt» – truleg i tydinga mann som har sex med menn: bykalar. I ei nyare ordbok finn me også ordet «gavo mors» som er omsett med «homoseksuell». Når det gjeld samisk, kjenner eg ikkje til nokon tilsvarande ord anna enn bonju (skeiv) som er tatt i bruk i

denne tydinga først i seinare år.

Eit nærmare blikk på korleis ord har oppstått og endra innhald kunne vore eit interessant tilskott til kjønns- og seksualitetshistoria. Føremålet med denne artikkelen har vore å presentera nokre av orda og uttrykka eg har kome over i mi forsking som historikar. For ei djupare forståing trengst meir systematiske undersøkingar.

For kjeldetilvisingar sjå: <https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/tvitoling-og-baing-kjonnsoverskriding-i-norsk-sprakhistorie>

Ikkje minst fortel orda oss at det har eksistert eit medvit om at visse personar kunne høyra heime i andre kategoriar enn dei normative kjønns- og seksualitetsformene.

Øyvind Bremer Karlsen til minne



DØYDDE I APRIL: Målmann Øyvind Bremer Karlsen vart 77 år gammal.

Foto: Privat

NT MÅLLAG

Det er med sorg at medlemmene i Østfold Mållag har motteke bodskapen om at Øyvind Bremer Karlsen, Askim, døydde frå oss 2. april, 77 år gammal.

Øyvind vart målmann alt i unge år. Folk fortel at det vekte oppsikt i Askim og Indre Østfold da Øyvind som gymnaselev stod fram i Øvre Smaalenenes Avis med synspunkt til støtte for nynorsk. Seinare var han med i den flokken som arbeidde for å starte Østfold Mållag. På skipingsmøtet i Askim i 1989, heldt han ei innleiringstale der han viste korleis ein kan ta utgangspunkt i det lokale talemålet i Østfold når ein underviser elevar i å skrive nynorsk.

I 1978 debuterte han på Gyldendal forlag med diktsamlinga *Der kommer Hansen gåandnes*. I 1992 kom *Odin går berserk*. Dette er ei spesiell fagbok der Øyvind presenterer frimerke med norrøne motiv, samtidig som han fortel om norrøne gudar og vikingrike rundt om i Europa i mellomalderen.

Øyvinds skriveaktivitet spende over eit stort spekter. Han omsette frå tysk og frå norrønt. Han samla eventyr, segner og historier som har levd på folkemunne i Østfold, og såg til at dette kom ut, og vart lese og ikkje gløymt. Dei siste åra var Øyvind spesielt oppteken av å ta vare på ord og uttrykk som var i bruk i Indre Østfold, men som få kjener og brukar i dag. Så seint som i februar i år, kom *Møkete kjeledressar* med guitar i, ei novellesamling med tema frå industrimiljøet i Askim. Boka er skiven i kjærleik til heimplassen og arbeidarmiljøet.

I 2005 tok Øyvind initiativ til at Østfold Mållag kom i gang med årboka *Aust i Vika*, og han var den fyrste redaktøren. Mest kvart einaste år har Øyvind levert tekster til årboka, alt frå dikt og noveller til folkloristisk stoff, og godbitar frå den indre østfoldske ordskattkista, innsamlingar han hadde gjort av ord og talemålsuttrykk i Indre Østfold.

Øyvind var filolog og lærar. Han treivst i klasserommet med elevane rundt seg. Han hadde humor og kunne sjå ting frå sider ikkje andre tenkte på. Men fyrst og fremst var Øyvind samfunnsengasjert. Han tok parti for dei svake, dei som stod nedst på rangstigen. Urett og undertrykking tola han ikkje.

Det er lett å finne samanheng mellom samfunnssynet til Øyvind og språksynet hans. Når Øyvind skreiv om østfoldmiljøet, slik han kjende det, måtte han finne ei språkform som kunne løfte miljøet fram. Den rette språkforma fann han i det lokale talemålet, slik han kjende det frå Askim og bygdene i Indre Østfold. Men tekstene skulle trykkjast. Dei skulle kunne lesast i heile Noreg. Her oppdaga Øyvind at avstanden mellom talemålet i Østfold og nynorsk ikkje er stor. Øyvind lét personane tala østfoldska i novellene, medan teksta elles er moderne nynorsk.

Slik løftar Øyvind fram nynorsken her i Østfold. Samtidig løftar han fram østfolddialekta både for østfoldingane og for folk elles i Noreg. Det trengst!

Vi takkar Øyvind for alt han har gjort for østfoldmålet og østfoldkulturnen.

Morten Tutturen, Eldbjørg Skaug og Lisen Dahlstrøm (Indre Østfold Mållag), Ragnhild Lier (Østfold Mållag)

Pengar til nynorsk i Bergen

Nynorskopplæringa i Bergen får 1,7 millionar kroner i revidert bybudsjett. Men det blir ikkje nynorskklasse i år.

DET ER KLART etter at byrådet (Ap, V, KrF og MDG) har inngått avtale med SV, Raudt og Senterpartiets Steinulf Tungesvik og Stig Torgersen.

– Dette er heilt strålende! Bystyret følgjer no opp tidlegare gode vedtak med ekte pengar. Dette vil styrke nynorskopplæringa i Bergen, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, i ei pressemelding.

Ikkje eigen klasse

Han er likevel skuffa over at det ikkje blir ein eigen nynorskklasse til hausten. Bystyret har sagt at det skal vere eit fast tilbod i vestlandsbyen, uavhengig av minstekravet i opplæringslova.

– Det er synd at vi ikkje kom heilt i mål i år, særleg for dei førsteklassingane som var klare. Vi opplever at Bergen kommune har ei grei forståing av kva dei som skuleeigar må gjere annleis og betre i åra som kjem, for å sikre at all informasjon

kjem tidleg nok ut til flest mogleg foreldre med skulestartar i heimen, seier Lofnes Hauge.

Pengane skal fordelast slik:

- ◆ 800 000 kroner til ein nynorsk lærarressurs, som skal auke kvaliteten på nynorskopplæringa på skulanane i Bergen.
- ◆ 500 000 kroner til auka pott for innkjøp av nynorsk barne- og ungdomslitteratur i skulebiblioteka.
- ◆ 200 000 til ein særleg innsats for nynorsk-elevane i Arna
- ◆ 100 000 kroner til klasesett av Framtida Junior.
- ◆ 100 000 kroner til nynorskurs for lærarar i Bergen som skal undervise i nynorsk, i regi av Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK).



NØGD: Mållagsleiar Peder Lofnes Hauge trur tilskotet vil styrke nynorskopplæringa i Bergen. Foto: Kristianne Marøy



Rekordmange var med på møte i Løvebakken Mållag i april, der **Sveinung Rotevatn** blei vald til ny leiar. Den glade gjengen er f.v. Trine Østreng (SV), Alfred Bjørlo (V), Odd Harald Hovland (Ap), Sveinung Rotevatn (V), Ingrid Fiskaa (SV), Åse Kristin Ask Bakke (Ap), Anders Kvernmo Langset (Ap), Peder Lofnes Hauge, Torbjørn Vereide (Ap) og Nils T. Bjørke (Sp).

Foto: Marit Aakre Tennø

NY LEIAR I LØVEBAKKEN MÅLLAG: Løvebakken Mållag har hatt årsmøte og peika ut ny leiar etter at Magne Rommetveit gjekk ut av Stortinget i haust. Ny leiar er **Sveinung Rotevatn**. Han er stortingsrepresentant for Venstre i Hordaland.

NY LEIAR I VANYLVEN: **Marte Myklebust** er nyvald leiar i Vanylven Mållag. Ho overtok etter Maria Parr.

DALEKTPRIS TIL LARS OS: Austmannalaget delte ut Dalektprisen for 2021 til journalist **Lars Os** 11. april i år. Nord-Østerdal dialekt- og mållag, i samarbeid med Os kommune, stod for arrangementet som trekte godt og vel hundre frammøtte i Os samfunnshus. I samtale med Guri Jortveit, redaktør i Arbeidets Rett, fortalte Lars Os om arbeidet som journalist og korrespondent for NRK i USA for eit interessert publikum.

Helen Johannessen, leiar i Austmannalaget, delte ut Dalektprisen som er ei påskjøning frå Austmannalaget for godt og klart språk. Lars Os er også eit godt føredøme for andre journalistar i god dialektbruk. Os Mannskor helsa prisvinnaren med «Mitt land», i gjendikting av Bjørn Øyan. Det vanka også godord og blomar frå Runa Finborud, ordføraren i Os kommune.

NYNORSKKVISS I SAUDA: Sauda Mållag slo saman **nynorskdagen** og **frivilligdagen** og markerte seg sterkt i Sauda sentrum laurdag 21. mai. Dei vart godt mottekte. Særleg nynorskkvissen var populær og utløyste engasjement.

Det er populært å delta på nynorsk-kviss i Sauda.

Foto: Sauda Mållag

STANDSPAKKAR TIL HEILE LANDET: I høve **nynorskdagen** 12. mai vart det laga ein eigen standspakke som lokale lag kunne tinge heilt gratis. Til no er det sendt ut 25 standspakkar som var i bruk på sjølv nynorskdagen og ved andre høve.



KAKE I TROMSØ: Tromsø spanderte **Studentmållaget i Tromsø** og **Tromsø Mållag** kake då dei stod på stand på nynorskdagen.

Foto: Tromsø Mållag

UNG STÅND PÅ FIRDA VGS: **Gloppen Mållag** og **Firda Målungsdom** gjekk saman om å lage stand på Firda vidaregåande skule nokre dagar før nynorsk-dagen. Det var mange som var interesserte i målungdomen og ville ha klistermerke og jakkemerke.

PENGAR TIL ULVIK MÅLLAG: Ulvik Mållag får 57 500 kroner frå **Sparebankstiftinga Hardanger** til ein årleg språkpris.

STØLS- OG DIALEKITLEIR I VALDRES: Valdres Mållag arrangerer støls- og dialektleir for barn mellom 10 og 13 år frå 27. til 30. juli 2022 på Nosen i Vestre Slidre. For berre 500 kroner kan barnet ditt få innhaldsrike dagar i fjellheimen, inkludert oppfrisking av valdresdialekten. Tips vene og kjende, eller slå til sjølv - før det blir fullt! Påmelding til Johanna Fuglesteg, telefon 90156613.

PRIS TIL BRULAND: Sogn og Fjordane Mållag har gjeve Målpri til journalist **Roger Sevrin Bruland**.

– Same kor alvorlege situasjonar han er i, så formidlar han med autoritet og truverd, på god nynorsk med dialektinnslag som røper at han er nordfjording, seier Jorunn Simonsen Thingnes, leiar i Sogn og Fjordane Mållag.

Jorunn Simonsen Thingnes overrakte synleg prov på Målpri til Roger Sevrin Bruland.

Foto: Sogn og Fjordane Mållag



NY LEIAR I VALDRES MÅLLAG: **Marianne Granheim Trøyflat** har blitt vald til ny leiar i Valdres Mållag. Ho overtek etter Reidun Dølehuset.

NY LEIAR I LO-MÅLLAGET: LO-Mållaget har fått ny leiar. **Anne-Beth Skrede** har gått på som ny leiar. Ho overtok etter Nils P. Støyva.

NY LEIAR I VEFSN MÅLLAG: **Kjell Magnar Øksendal** har overteke som leiar i Vefsn Mållag. Han overtek etter mangeårig leiar Randi Einrem. Takk for lang innsats!



BILETE: God stemning og vill gjetting på stand hjå Sogndal Mållag.

Foto: Sogndal Mållag

STAND PÅ BOKNATT I FJÆRLAND: **Sogndal Mållag** stilte igjen med stand i høve boknatt i Fjærland. Årets gjettekonkurranse var at folk skulle tippe svar på dette spørsmålet: Kor mange ord i Ivar Aasen si «Norsk Ordbog» er frå Sogn?



MONE CELIN SKREDE
Styrelseiar i Kringkastingsringen

Mot lysare tider?

– **DE KAN** ikkje nytte ord som ingen forstår!

EIN SINT REAKSJON frå nokre år tilbake, frå ein lesar som hadde hive seg over tipstelefonen så fort han kom over ordet «kverrsetje» i ein tittel. Reaksjonen gjorde meg på nytt klar over synet på nynorsk som mediespråk. Som nynorskbrukar er ein van til kvar gong språket blir diskutert, å måtte forsvare kvifor ein brukar det. For nokon er det enkelt: Eg er sjølv frå ein nynorskkommune, og det er difor hovudmålet mitt. Det heng saman med dialektien min, staden eg er frå, men det er òg ein mangfaldsmarkør og ein del av norsk kulturhistorie, og difor ein del av identiteten min.

MEN I EIN pressa mediebransje der tilfanget på arbeidskraft i mange år har vore svært godt og dei faste stillingane svært få, er det ikkje så rart at dei journalistane i rikspressa som skriv nynorsk, ikkje har stått hardare på krava om å få bruke språket sitt i spalten. Som to unge nynorskbrukarar skriv i Aftenposten si ung vaksen-spalte Si;D i høve nynorskdagen 12 mai, vert ein òg lite eksponert for nynorsk i bokmålsdominerte kommunar, både i utdanning, i kulturen og i media.

DÅ GJEV DET mot å sjå at organisasjonen Sex og Politikk for nokre veker sidan fekk målblomen for at dei òg trykkjer kampanje- og læremateriell på nynorsk og samisk. Skriftspråket vert då synleg for fleire som eit bruksspråk, og dialektane har gode levevilkår på nett-TV, i nyhenda og i podcast, i populærmusikk og -kultur. Og medan betalingsviljen for god journalistikk aukar, og mediehus etter mediehus hiv seg på podkastbølgja, skriv bransjenettstaden Medier 24 i mai, at det norske folk òg er meir viljuge til å betale for innhald i podcastformat.

ATTÅ HAR NETTAVISEN, tradisjonelt ei bokmålsavis, gjort ei undersøking av lesetida i sakene deira på bokmål og nynorsk, i samanhend med eit masterprosjekt: Det er nesten ikkje skilnad på kor lang tid ein lesar nyttar på ei sak på nynorsk og ei sak på bokmål. Faktisk kjem nynorsk betre ut.

NÅR DET NO er betre tider for arbeidstakrar i mediebransjen og redaksjonar over heile landet slit med å dekkje behovet for arbeidskraft, kan ein òg håpe at det vert enklare for journalistar å stille krav til redaksjonen om kva språk dei skal nytte.

DIFOR TRENG ALLE som nyttar nynorsk som mediespråk, ein fellesskap. Difor må vi stimulere og framsnakke både innhaldsprodusentane i semi-redaksjonelle plattformer, kommunikasjonsfolka i ein bransje som veks og veks, og journalistane som vert utdanna i dag og som skal ut i ein arbeidsmarknad som er vennlegare enn på mange, mange år, til å nytte språket sitt, dialekt, nynorsk eller samisk, i arbeidet dei driv.

Debutantprisen

Sidan 1964 har 57 debutantar fått **Tarjei Vesaas' debutantpris**. Vi har snakka med ni av dei, i høve årets Vesaas-jubileum.

AV: ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES

I AUGUST ER det 125 år sidan Tarjei Vesaas vart fødd. Det vert feira ved fleire høve gjennom heile året.

Debutantpris

Vesaas var den første norske forfattaren som vart tildelt Nordisk Råds litteraturpris, for romanen «Is-slottet», i 1964. Prispengane gjekk til å opprette «Tarjei Vesaas' Debutantlegat». I dag vert legatet administrert av den Den norske Forfatterforening, ifølgje Store Norske Leksikon.

Sidan 1964 har 57 personar fått Tarjei Vesaas' debutantpris. Prisen er i dag på 60 000 kroner og eit diplom.

I høve Vesaasjubileet har Norsk Tidend spurt ni prisvinnarar dei same tre spørsmåla:

1. Kva forhold har du sjølv til Tarjei Vesaas?
2. Korleis var det å vinne debutantprisen?
3. Kva har prisen betydd for ditt forfattarskap i tida etter?



Foto: Nasjonalbiblioteket



Foto: Erika Hebbert

KRISTIN VEGO

Fekk prisen i 2021 for novellesamlinga *Se en siste gang på alt vakkert*

1: Jeg har – inntil videre – bare lest Vesaas på dansk: *Fuglane* og *Is-slottet*. *Fuglane* sto blant min mors norske bøker på bokhyllen da jeg vokste opp i Aarhus, men jeg leste først romanen da jeg fikk i oppdrag å anmeld den danske oversettelsen i 2017. Leseopplevelsen, og arbeidet med å skrive om boken, hadde sterkt innvirkning på meg. Som dansk er det dessuten interessant at det fins et slektskap mellom denne romanen og danske Martin A. Hansens roman *Løgneren* fra 1950; de to forfatterne var nære venner. I begge verker er det en nærhet eller intimitet i språket, en ulmende følelse av uro og et sterkt forhold til naturen – rugda (på dansk, sneppen) er et viktig symbol også i *Løgneren*.

2: Helt fantastisk! Det var stort og skummelt å gi ut første bok etter flere års arbeid. Det betyr veldig mye at den har blitt sett. Å vinne pris føles litt sjokkerende, samtidig bekrefter det at det var riktig å insistere, overfor meg selv, på å skrive boken sånn som jeg ville at den skulle skrives.

3: Dette må tiden vise. Anerkjennelsen gir selvfølgelig mot til å jobbe videre, men selve prisen må jeg nesten forsøke å glemme når jeg setter meg for å skrive første forvirrede forsøk på neste bok.



Foto: Julie Pike

HANNA STOLTENBERG

Fekk prisen i 2019 for romanen *Nada*

1: Det er flaut å innrømme, men da jeg vant prisen hadde jeg knapt lest Vesaas, utover noen romanutdrag og dikt i skoleårene. Siden har jeg lest *Fuglane* og *Is-slottet*, som

begge var overveldende gode, og nå gleder jeg meg til å ta fatt på mer av forfatterskapet.

2: Det var veldig stort.

3: Ettersom jeg hittil bare har gitt ut den ene romanen, synes jeg det er vanskelig å si. Jeg trodde kanskje prisen skulle gi meg mer selvtillit i arbeidet med andre boka, men det har ikke vist seg å stemme. Den har ikke gjort det vanskeligere heller, men skriveprosessen er veldig lik. Helt konkret tillot prispengene meg å ta permisjon fra jobben noen måneder og fokusere på egen skriving. Det fokuset betyr mye.



Foto: Paul S. Amundsen

ZESHAN SHAKAR

Fekk prisen i 2017 for romanen *Seg til inkjes*

1: Eg hadde ikkje eit medvite forhold til korleis eg forstod eller kunne forstå litteratur før ein lærar presterte å få meg og tjuefem andre sekstenåringar til å lese heile *Kimen* høgt og å meir eller mindre spontant diskutere seg gjennom det som framleis førekjem meg som den mest minutiøse og heilskaplege analysen eg har vore gjennom. Det er flust med utropsteikn i marpane på eksemplaret mitt av boka, det ser ut som eg ikkje kunne styre meg for å setje igjen vegstikker da eg famla meg fram frå ei openberring til den neste.

Sjølv om han la grunnlaget for forståinga mi av litteratur, er Vesaas ikkje ein forfattar eg nokon gong kunne bruke i skrivinga mi. Til det er han for særeigen, for merkt av det som berre finst hos han, og som bør finnast berre hos han.

2: Å vinne prisen var gildt. Blåst dreg mykje etter seg, så det er ein privilert situasjon å vera i som ukjend og uprøva forfattar.

3: Det skapar òg fallhøgde. Eg trur på fallhøgde, men eg blir meir omhugsam og omstendelege av det. Det står att å sjå kor høgt fallet blir.

ZESHAN SHAKAR

Fekk prisen i 2017 for romanen *Tante Ulrikkes vei*

1: Ikke et veldig aktivt forhold. Jeg har lest *Fuglane*, men det var etter jeg vant prisen.

2: Det var veldig stort. En anerkjennelse av et håndverk, det var det som betydde aller mest.



Foto: Julie Pike



Foto: Kristine Helliesen



Foto: Maja Hattvåg

3: Først og fremst er det nok som en litterær selvtiltills-boost, som at jeg kan få til å skrive om jeg går skikkelig inn for det.



Foto: Kjersti Skotteskog

JAN KRISTOFFER DALE

Fekk prisen i 2016 for novellesamlinga *Arbeidsnever*

1: Jeg leste Vesaas før første gang da jeg gikk på videregående. Vi snakka om ham i norske mene på ungdomsskolen også, og jeg bet meg merke i ham da, siden han kom fra bygda. Og gården jeg vokste opp på i Froland, het også Midtbø. Det var mye som var tiltalende for min del. Jeg leste *Fuglane* først og i ettertid har jeg lest *Is-slottet* og novellene hans. Jeg leste *Fuglane* igjen for noen år siden og den gjorde fortsatt inntrykk på meg.

2: Overraskende. Rett og slett. *Arbeidsnever* fikk jo en del oppmerksomhet da den kom ut rett og slett fordi innholdet var så politisk. Det var ikke nødvendigvis utgangspunktet mitt - jeg ville bare skrive om ting jeg kunne noe om, men klasseaspektene og dropout-tematikken fikk mye oppmerksomhet i media, og bl.a. debutantprisen fikk meg nok til å føle at boka var mer enn bare interessant fordi den var politisk relevant, men at den hadde litterære kvaliteter også. Det var veldig fint å vinne den.

3: Bare at det er en fin ting å tenke på. Jøss. Det det skjedde, liksom! Den hjelper meg ikke å skrive. Jeg blir ikke en bedre forfatter av å ha fått den, men den gir meg litt sjøltillit. Og det er jo ikke akkurat noe jeg har i overflod. Bare spør de som kjenner meg.

AMALIE KASIN LERSTANG

Fekk prisen i 2014 for romanen *Europa*

1: *Is-slottet* var den første romanen jeg leste av ham, og jeg husker den leseopplevelsen veldig godt. Etter at jeg selv flyttet tilbake til Telemark, har han kanskje blitt desto mer til stede i bevisstheten min. Jeg kan ikke kjøre gjenom Vinje uten å tenke på hans forfatterskap. Og samtidig: Jeg er på ferie i Paris akkurat nå, og da jeg i går besøkte en bitteliten bokhandel, lå den franske oversettelsen av *Fuglane*

der på en bokreol. Så han dukker stadig opp, både i kjent og ukjent terrenn.

2: Det betyddet veldig mye å vinne debutantprisen. Det løftet romanen min ut til nye lesere, og det var en oppmuntring og anerkjennelse. Siden det også følger noen penger med prisen, betyddet det at jeg også fikk mer verdifull skrivetid. Det var veldig viktig for å kunne utvikle forfatterskapet mitt etter debuten.

3: Som en forfatterkollega sa en gang: Tarjei Vesaas' debutantpris følger en gjennom hele forfatterskapet. Sånn er det kanskje? Den nevnes i alle fall titt og ofte, selv om det er noen år siden jeg fikk den. Jeg vet jo ikke hvordan det ville vært dersom jeg ikke fikk prisen, men for meg ble den en fin motivasjon til å fortsette å skrive.



Foto: Lina Hindrum

GINE CORNELIA PEDERSEN

Fekk prisen i 2013 for romanen *Null*

1: Halve min familie er fra Telemark, og jeg bodde der og gikk på skole der i mange år, så Vesaas lå liksom i luften. Særlig *Fuglane* sitter i meg. Den oppdro meg, den opprørte og knuste meg, jeg hikstet etter luft etter siste side. Det at det gikk an å skrive bøker som kunne ha en sånn inngrisen i livet mitt, som ga meg et innblikk i et sinn som var så annerledes og undervurdert – det må nok ha vært en del av kimen til mitt forfatterskap, pun intended.

2: Det var før det første komplettsjokkert. Jeg hadde kanskje innbilt meg at slike priser gikk til mer «skikkelige» bøker, men det handlet nok mye om at jeg ikke var helt oppdatert. For det andre var det en ordentlig opptur, og det ga meg en gledesrus og på en måte en slags lettelse at et råd hadde lest *Null* og ville løfte den frem på den måten.

3: Det følte nok ganske sikkert til at mange flere leste boken. Jeg ble invitert til arrangementer og intervjuer som gjorde at det ble oppmerksomhet rundt den, og dermed ble den mer synlig enn jeg kunne drømt om som debutant. Det andre var at jeg følte meg oppmunret til å fortsette å skrive, og det var i seg selv inspirerende. Det at teksten ble sett på en presis måte, ga meg nok en større frimodighet i møte med videre skrivearbeid.

PETER FRANZISKUS STRASSEGGER

Fekk prisen i 2012 for romanen *Stasia*

